



Kvassnesvegen 32 AS
Kvernhushaugane 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/18 - 18/12551

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2018

Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 188/66 - Gjervik Ytre - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 188/66 med adresse Kvassnesvegen 32. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Kvassnesvegen 32 AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 188/66. Dokumentasjonen skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Kvassnesvegen 32 AS har som grunneigar også juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Kvassnesvegen 32 AS om å sende inn årsrapport av anlegg for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.
- Kopi av tømmeavtale med godkjent tømmefirma

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhushaugane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for anlegg dei siste åra. Det er viktig at Kvassnesvegen 32 AS får innarbeida gode vedlikehalds og rapporteringsrutiner for anlegg. Dette vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn med anlegg.

Førehandsvarsele om tilsyn:

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Kvassnesvegen 32. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kvassnesvegen 32 AS

Kvernhusaugane 5914
2

ISDALSTØ